# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 6 OKTOBER 1996 29. ÅRG.



*Salme 100*

# *Lat Hyllingsrop lyda for Herren!*

*Lat hyllingsrop lyda for Herren,*
*all jorda!*
*Ten Herren med glede,*
*kom fram for han med fagnad!*
*Skjøn at Herren er Gud!*
*Han har skapt oss,*
*ikkje vi sjølve,*
*til sitt folk*
*og til den hjord han gjæter.*

*Gå gjennom hans portar*
*med takkesong,*
*inn i hans tempelgardar*
*med lovsong!*
*Lov han og pris hans namn!*
*For Herren er god,*
*hans miskunn er evig,*
*hans truskap varer*
*frå ætt til ætt.*



Misjonsteigen

# Misjonsfest

## 90-årsjubileum for Haugland Kvinneforening for Det Norske Misjonsselskap

Året 1906 gikk det en vekking over bygdene Haugland – Kvamme. Og med denne vekkingen kom misjonsinteressen og trangen til å være med å arbeide for hedningene. Den 06.11. var det et misjonsmøte på Haugen hos han Johannes og ho Brita. Taler var bonde Mons Hauge og lærer Mons Hauge. På dette møtet ble det vedtatt å stifte en kvinneforening som skulle arbeide for misjonen, Hedningemisjonen het det den gangen. Karoline Haugland ble valgt til formann og kasserer.

De som var med fra starten var: «Synneva i Krossen», «Madli i Botn», «Kristians-Marta», «Adna i Gaupåsen d.e.», «Strikke-Kari» og «Karolina i Krossen». De hadde møter en gang i uken fra avlingen var kommet i hus og til utearbeidet tok til om våren. Møtene varte fra kl. 10.00 til bortimot kl. 16.00. Mat hadde de med seg, og så fikk de kaffe der de var.

Om høsten tok hver med seg en godt fullstappet stor pose av sin fineste ull, så de kunne kare og spinne hele vinteren. Hver hadde sin rokk som de bar med seg både til og fra, for de skulle jo bruke den hjemme ellers i uken. Til slutt på møtene ble det alltid lest i Bibelen, sunget salmer og bedt for hedningene, og de som arbeidet på misjonsmarken.

Foreningen fikk ofte besøk av prester, bl.a. misjonsprest Arnetveit og Vermund Hollekim, Harald Hope og kona Anna var også ivrige i misjonsarbeidet og besøkte ofte foreningen.

Etterhvert har mye forandret seg. Nå kjøper medlemmene inn gevinster og lodder ut. De gir også penger på hvert møte som de har ca. hver 14. dag.

Karolina var formann i 47 år. Senere var Rakel Haugland i 19 år. Agnete Askeland i 10 år, Gudrun Kalsaas i 3 år og nå har Eli Mohn vært leder i 10 år. Noen fra den eldre bedehusforeningen, som det ble slutt på, kom over i misjonsforeningen. Så nå er vi 6 «gamle» og 4 «nye» medlemmer. En er

→



***Medlemmene i foreningen: Eli Mohn, Agnete Askeland, Agnes Borge, Synneva Kvamme, Gunnhild Vikne og de «nye»: Maria Pettersen, Ragna Rolland, Olga Hovland (flyttet til Flatane). Dorthea Skage (Helseheimen) og Selma Songstad var ikke tilstede da bildet ble tatt.***



# Menneskesynet i forbrukersamfunnet

*Av Trygve Johansen*

Forbrukersamfunnet er med på å fremelske et nytt syn på mennesket. Gjennom reklamen får forbrukeren høre at konsumet gjør ham lykkelig. Jo flere gjenstander forbrukeren får, dess mer lykkelig blir han. Vår status som menneske blir bestemt av om vi kler oss moteriktig eller om vi kler oss i gårsdagens moteklær. Klarer vi å skaffe oss de lykkebringende tingene, så blir vi med en gang identifisert som den ideelle forbruker. På den måten oppnår forbrukermennesket livets mål og mening. Siden det er de riktige tingene som teller i forbrukersamfunnet, så er forbrukermennesket etter hvert blitt mer og mer tingliggjort.

Reklamen framhever at gleden finnes i tingene, og på den måten knyttes forbrukerens drømmer og idealer til de materielle verdier. Konsumet er selve nøkkelen til å realisere seg selv som menneske i forbrukersamfunnet. Når vi går inn i reklamens forbrukermønster, så blir det sagt at vi er frie mennesker. Jo flere produkter forbrukeren kan velge mellom, dess friere blir han. Forbrukermenneskets frihelt blir målt etter hvor mye han eier og forbruker. Vi ser her et nytt verdisystem, som er bygd på følgende tanke: Vær fri og kjøp billig på kortest mulig tid!

Når vi taler om forbrukersamfunnets menneskesyn, så er det viktig å legge merke til det som skjer med forbrukernes drømmer og lengsler. Reklamen taler direkte til drømmene og lengslene og forteller oss at vi egentlig burde være misfornøyd med livet. Deretter får vi høre lykken ligger i de tingene vi ennå ikke har skaffet oss. På den måten blir våre drømmer og lengsler brukt av reklamen til å øke forbruket.

Reklamen forteller oss dessuten at økt forbruk gir bedre velferd. Av dette budskap skulle vi forvente at forbrukermennesket er lykkelig og tilfreds, men det synes ikke å være tilfelle. Forbrukersamfunnet ser heller ut til å stenge for de vedier som til nå har kjennetegnet vårt menneskesyn: kjærlighet og gjensidig forpliktelse for hverandre. I forbrukerkulturens kjølvann ser vi nemlig at kriminaliteten, psykiske lidelser, alkoholmisbruk og oppløste hjem øker. Gjennom forbrukerkulturens nye menneskesyn er mennesket blitt rotløst og forvirret.

Menneskesynet i forbrukersamfunnet er altså sterkt preget av materialismen. Det er tingene som teller og verdier som kjærlighet og omsorg er blitt nedgradert. Er det slik å forstå at jo flere ting et menneske får dess mindre kjærlighet og omsorg viser det? Når vi ser på vårt forbrukersamfunn, så er det i hvert fall grunn til å stille spørsmålet.

Det kristne menneskesynet viser derimot at vi er elsket av Gud og skapt i hans bilde. Det betyr at vi er satt til å være Guds medarbeidere på jorden. Vi er satt inn i verden for å hjelpe hverandre. Det kristne mennesyn har mye å tilføre vårt forbrukersamfunn. Det tradisjonelle samfunn hadde et menneskesyn som var bygd på de kristne grunnverdier som kjærlighet og omsorg, men disse verdier preger lite vårt forbrukersamfunn.

---

**Forts. fra side 3**
**90-årsjubileum...**
nå bosatt på Helseheimen, men foreningen har møter hos henne der inne iblant. P.g.a. alder og sviktende helse har foreningen ikke kunnet holde møtene så regelmessig. Men vi trives godt i lag og har mang en god latter – samtidig som vi også føler og følger med hverandre når noe vondt – eller godt – kommer på.

Den 13. okt. -96 var det jubileumsfest i Haugland bedehus. Kretssekr. Tor Dag Kjosavik holdt tale. Prost Kjell Nese deltok også. Arthur Askeland hadde åpningsandakt. Nesten alle kvinneforeningene i Arna Prestegjeld var godt representert. Ca. 60 personer hadde en fin og trivelig fest med god rømmegrøt (preparert av Betty Toskedal) etterfulgt med kaffe og lefser (gitt av Solveig Skjelvan). På kjøkkenet ellers hjalp Guri Rivenes og Inger Elisabeth Mohn Nøkling. To kjekke ungdommer var også med og hjalp til. Det var Egil Landøy og Ole Arthur Hanstveit. Den siste spilte på piano til sangene så friskt og fint. Det var fint å ha dem mellom oss.

**Eli Mohn**





# Ny kyrkjeverje i Bergen

**Gunnar Wik** er tilsett som ny kyrkjeverje i Bergen etter Rasmus Skurtveit som har gått over i pensjonistane sine rekkjer. Vi vil rette ei takk til Skurtveit for stor innsats og godt samarbeid.

Den nye kyrkjeverja er busett i Morvik, og såleis heimehøyrande i prostiet vårt. Han er utdana prest, og har dessutan ein allsidig bakgrunn gjennom arbeid i Bergen kommune.

Frå 1. jan. -97 trer den nye kyrkjelova i kraft. Dette gjer det særleg utfordrande å ta over denne posten nett nå. Føremålet med lova er m. anna, – å rydde opp i uklåre ansvarstilhøve mellom kyrkje og kommune, – gjera den Norske Kyrkja profesjonell både som forvaltningseining og som arbeidsgjevar, og fullføra prosessen med å gjera dei kyrkjelege rådsorgan sjølvstendige.

Dette vert eit spanande og utfordrande arbeidsfelt for kyrkjeverja.

I ein kort samtale på telefonen formulerar Wik seg slik om det han særleg er oppteken av ved oppstarten i den nye stillinga:

**1. – å vera med å skape ein god kyrkjeadministrasjon i samsvar med den nye kyrkjelova**

**2. – å styrkje kyrkja sin posisjon både for bergensarar flest, og, ikkje minst, i den kommunale forvaltning.**

Som kyrkjeverje vert han dagleg leiar for Bergen kirkelige fellesråd. Dette rådet vert tilsetjingsorgan for alle kyrkjelege tilsette, og får arbeidsgjevaransvar for desse.

Ei viktig oppgåve for fellesrådet vert den økonomiske styringa. Kommunen løyver midlar til drift og vedlikehald etter visse rammer som er gjeve. Det vert kyrkjeverja og fellesrådet som prioriterer, og fordeler midlane til den einskilde kyrkjelyd. Det vert eit viktig arbeide med å få rammene opp på eit akseptabelt nivå og fordela midlane.

Vi ynskjer Gunnar Wik velsigning i stillinga som kyrkjeverja, og ser fram til eit godt samarbeid til beste for alle kyrkelydane i Bergen.

**K.N.**

---

# Ny alterduk i Ytre Arna kyrkje

Under gudstjenesten den 29.09.-96 for 150-årsjubiléet for fabrikkstarten i Ytre Arna tok menigheten i bruk en ny alterduk. Den var en gave til kyrkjelyden fra Saniteten i Ytre Arna. Alterduken er laget av Astrid Bremertun.

Vi er svært takknemlig for denne vakre alterduken, og takker hjerteligst Saniteten og Astrid Bremertun for denne fine gaven. Det er mange timers arbeid som ligger bak denne vakre alterduken, og vi regner med at den vil dekke alterbordet i Ytre Arna kyrkje i mange år framover.

Hjertelig takk!

**For Ytre Arna kyrkjelyd,**
**Trygve Johansen**
**prest**



## *Dei tilsette i kyrkjelydane*

***Sokneprest Kjell Nese***
Vollav. 31, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

***Kap. Trygve Johansen***
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

***Organist Arna***
Jostein Aarvik
Øvre Blekevei 27, 5003 Bergen
Tlf. 55 31 48 06

***Kontorfullmektig Arna***
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

***Kateket Erik Rodal***
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

***Kyrkjetenar Arna***
Svein Mjelde
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland
Tlf. 55 24 28 71

***Organist Ytre Arna***
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5090 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

***Kontorfullmektig Ytre Arna***
Bente Vevle Birkeland
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

***Kyrkjetenar Ytre Arna***
Sølvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

# 150-årsjubileum i Ytre Arna

*Av Trygve Johansen*

Det er i år 150 år siden Arne Fabrikker ble etablert, og folk i Ytre Arna har akkurat feiret dette jubileet. Vi hadde en jubileumsgudstjeneste søndag den 28.9.96 og kirkekaffe på Sentrum. Begge menighetens prester deltok i gudstjenesten. Kjell Nese forrettet før prekenen og Trygve Johansen holdt preken og forrettet etter prekenen. Ytre Arna kyrkjekor og Arna kyrkjekor hadde samlet seg til ett kor i denne anledning og deltok i gudstjenesten med fin sang. Organist Jostein Arvik dirigerte koret, og organist Siri Brunvoll spilte i sin første gudstjeneste etter sitt opphold i Afrika.

Da gudstjenesten var slutt, sto Arne Musikkforening klar på «kirkebakken» og ledet menigheten nedover til Sentrum. Ytre Arna sokneråd og Ytre Arna Sanitetsforening hadde ansvar for kirkekaffen, som ble ledet av Trygve Johansen.

Vi hadde et spesielt besøk denne dagen i det Cons og Jørg Jebsen fra Berger var med oss. Jørg Jebsen kom med en hilsen under kirkekaffen og takket for godt samarbeid mellom Ytre Arna kyrkjelyd og menigheten på Berger. Denne kontakten går ca. hundrede år tilbake, siden det var Jurg Jebsen som bygget begge kirkene.

Under kirkekaffen fikk vi ellers levendegjort historien i Ytre Arna. Det var Leon Kalsås som tok oss med tilbake til gammel tid i Ytre Arna. På en levende og engasjerende måte fikk vi høre hvordan folk hadde det i gamle dager.

Vi markerte også et annet jubileum under vår kirkekaffe på Sentrum. Den

**Forts. side 10**

**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 34 02 15.
**Kontortid:** Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.
Torsdag kl. 17.30-19.00.
**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.
**Kontortid:** Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.



# Dei ti bod

*Av Kjell Nese*

Det er setningar vi har pugga. Om ein ikkje heilt greier å halde orden på kva nummer dei har, det får no so vera. Du skal ikkje stela. Du skal ikkje lyga. Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.

Sjølvsagt måtte vi læra forklaringane og når vi gjekk for presten, seier dei som er eldre. Det er nok ikkje heilt tilfeldig at ein tek litt enklare på det i dag – både for presten og andre stader. Er det ikkje i våre dagar ein kvar kan gjera som ein sjølv vil? Det er nok ein del skulestover der dei ti bod vert terpa likevel på tross av tidsånda. Og konfirmantane skal kunne boda, i alle fall på samtalegudstenesta.

Er dette aktuelt? Gror det ikkje mose på boda? Dei er då frå ei heilt anna tid. Vi er jo så ubegripeleg moderne og visare enn andre generasjonar.

Det var artig å registrere at 9 av 10 av dei som ringde inn i samband med Lønning sitt program om dei 10 bod, meinte at desse boda skulle vera grunnlaget for moralen. Det er kanskje eit signal om at mange ber på ei kjensle av at mangt heldt på å rakne i samfunnet vårt. Materialisme og marknadskreftene lagar seg sine system. Alt det som det er marknad for vil systemet formidle. Det går over alle grenser. Vald, griskheit og omsynsløyse får stadig nye utslag. Så viser dei gamle boda sin slitestyrke. Sjølvsagt er dei aktuelle. Enkelt og oversiktleg står dei der som merkjesteinar på sentrale livsområder. Di verre tilstandar ein har, di tydlegare viser dei si meining.

Skal livet i samfunnet vera leveleg kjem ein ikkje utanom dei.

Det er ikkje for å plage folk at Moses fekk boda av Gud. Det er livslover, like gyldige til alle tider.

Då vert det ikkje berre eit spørsmål om å kunne boda. Det vert eit spørsmål om å halde dei. For berre å taka eitt av dei som er i fokus nett no. Det tredje bod, dette om å halda kviledagen heilag. Nå diskuterar ein søndagsopne butikkar. Det er jo så greitt å kunne handle på søndag. Så må jo ein heil del ut på jobben på full dag. Skal søndagen verta ein vanleg arbeidsdag for nye store grupper for at vi skal kunne handle endå meir, og nokre tene endå meir? Men kva skjer med samfunnet og med menneske? Det tredje bod er nok eit bod om ein kviledag – og er det noka tid som treng det meir enn vår – og så var det jamvel dette med å halda den heilag.

Skal dei ti bod vera grunnlaget for moral og for etisk refleksjon så må vi få dei på bordet. Boda må vera synlege ved argumentasjonen for kva som er rett og galt. Det er ikkje berre for borna dei er bra. Det er vi vaksne som legg malen ved å taka dei på alvor.

Det er ikkje tilfeldig at det er ti av dei. Det er sjølvsagt eit pedagogisk triks. Det er lett å lære; Det er så mange som vi har fingrar. Det minner oss og om heilskapen. At det vi menneske gjer har ei side mot Gud og ei side mot nesten. Vi står i eit relasjonsforhold. Vi er ansvarlege. Ingen kan byggje eit godt liv ved å gjera det som passar meg utan omsyn til andre. Dette gjeld på alle viktige samfunnsområder.

Dei ti bod gjeld som livslover, og difor som uttrykk for Guds gode vilje. Jesus har ikkje avskaffa eit einaste eitt av dei. Han har tvert imot skjerpa dei. Han gjer dei gjeldande tvers igjennom sjel og sinn, i tankar og fantasiar. Det minner oss om at vi har nok med oss sjølve, og treng ikkje sette naboen i gapestokken.

Dei ti bod viser oss korleis vi skal byggje eit godt samfunn. Dei viser oss korleis vi skal leve med kvarandre og med Gud. Og til sist viser dei oss korleis vi alle snublar og fell, og at vi verkeleg treng han som sa: «Kom til meg alle de som strevar og ber tunge bører. Hjå meg skal de få kvile.»

**Adventskonsert i Arna kyrkje**
**Laurdag 30.november**
**kl. 18.00**
**«DEN FATTIGE GUD»**
Musikk Henning Sommero / Tekst Edvard Hoem.
Medverkande: Arna Kyrkjekor, Nygård kirkekor og Biskopshavn kirkes kantori.
**Tone Kvam Thorsen** (altsolist)
**Njål Vindenes** (gitar)
Bill. kr.70,-, barn kr.30,-, Familie kr.100,-.
**Konserten er støtta av Rikskonsertane**

# 50 års-konfirmantar
## Arna



*1.rekkje frå venstre: Gunvor Hammersland (f.Hauge), Turid Bruvik (f.Andersen), Dorthea Bjørndal (f.Minde), Dorthea Thunes (f.Bjørndal), Marit Lindvik (f.Romslo).*
*2.rekkje: Bjørg Eiken Boge, Magnhild Erdal (f.Hundhammar).*
*Bakre rekkje: Olav Solberg Reknes, Kristian Akselberg, Torvald Bruvik, Leif Johan Stavenes, Kåre Borge, Audun Møllerup Boge, Ottar Veseth, Kjell Nese.*



*Etter gudstjenesta samla alle 50-årskonfirmantane seg ved grava til Olav Lunde. Dei høyrde til det fyrste kullet av konfirmantar Olav Lunde hadde etter at han kom som prest til Arna. Ein av dei sa fram minneord om konfirmantpresten sin og la ned ein fin rosebukett på grava.*



# 50 års-konfirmantar
## Ytre Arna



***Fra venstre: Ragnar Halland, Thorleif Hermann Kronen, Ingrid Olsen, Odd Haugland, Aud Nilsen Bjørnestad, Johan Reidar Rønhovde, Trygve Johansen, Otto Iversen.***

# Adventskonsert i Arna kyrkje

Laurdag 30. november held Arna kyrkjekor i samarbeid med to andre kyrkjekor konsert i kyrkja. Her vil verket «Den Fattige Gud» verta framførd. Musikken er av Henning Sommero og tekstane er skrivne av Edvard Hoem. I tillegg til songarane frå Arna kyrkjekor, Biskophavns kirkes kantori og Nygård kirkekor, medverkar songarinna Tone Kvam Thorsen som altsolist og Njål Vindenes på gitar.

«Den Fattige Gud» er ei samling av tolv salmar, og «tittelmelodien» er av Henning Sommero sine mest kjende melodiar. Musikken er elles sterkt inspirert av den austlege/ortodokse kyrkja sin musikk, og det er arrangørane sitt mål å få gje overskotet frå konserta-ne til den kyrkja der musikken har sine røter. Det tekstlege talar om Gud som vert fødd inn i vår fattige verd og om Guds solidaritet med oss menneske.

Det er fyrste gongen at dette verket vert framført her i Bergensområdet og kyrkjekoret gled seg til å presentera ny og spennande musikk for kyrkjelyden i Arna.

**Jostein Aarvik**

# Kyrkjeklokka som ikkje ville teia

*Av Klara Ulveseter*

På loftet i Takvam kapell låg den gamle kyrkjeklokka – tagal –. Den store klokka frå Arne Fabrikker hadde teke over.
Så hende det hausten 1995 at Nemnda for Takvam kapell arrangerte busstur til Jordalen, ein tur vi som var med, seint vil gløyma. Motorstopp, dunk i tunnel-veggen, Jordalen i flotte haustfargar og aller mest samværet i kapellet i kjellaren i Nyeskulen. Vår eigen og deira kjære prest, Kjell Nese, gjorde teneste. Velsigninga vart lyst over oss, og vi venta på 3x3 slag med kyrkjeklokka, men det kom ingen klokkeklang, for det var inga kyrkjeklokke. Då gjekk tanken til den vesle klokka som låg stum i tårnrommet i Takvam kapell. Skulle ho få klinga her?
Frå tanke til handling. Nemnda for Takvam kapell kom saman, prosten var og med. Klokka vart utprøvd og dei i Jordalen vart spurt om dei ville ha klokka. Det var eit høglydt ja. Men ein ting var vi i Nemnda samde om, at skulle det henda at dei i Jordalen av ein eller annan grunn ikkje fekk bruk for henne meir, så skulle ho koma attende til sin gamle plass i tårnet på Takvam kapell.
Biskopen vart spurt om vi kunne gjera dette, og han var glad for det. Arna sokneråd gjorde vedtak. 11.08.96 var Nemnda og ein del andre på nytt i Jordalen. Denne gongen for å sjå og høyra klokka på sin nye stad.
Det var ein strålande søndag. Mykje folk frå Vossestrand med sokneprest John O. Thaule i spissen hadde gått frå Stalheim over Nåla. Vi var så mange at vi måtte ha friluftsgudsteneste på skuleplassen, kapellet vart for lite. Men der – ved inngangen – hang klokka vår – deira. Det var mest som ein liten tåre



***Kyrkjeklokka i Jordalen kapell. Foto: Rolf Tepstad, «Hordaland».***

ville snika seg ned i augnekroken. Og då Lars Skjervheim på sin fiolin trylla fram «Klokkene på Filefjell» som eit herleg preludium, vart vi heilt stumme. Både sokneprest Thaule og prost Nese var reidskapen til å gjera gudstenesta til ei høgtidsstund av dei sjeldne. Folket frå fjorden og frå fjelldalen fekk eit fellesskap som berre Gud kan skapa.

---

**Forts. fra side 6**
**150-årsjubileum...**

norske Sanitetsforening feirer i år sitt 100 årsjubileum. I den anledning hadde Ragnhild Holdhus en fin og grundig orientering om Saniteten i Ytre Arna.
Denne søndagen var altså en spesiell dag for Ytre Arna kyrkjelyd. Kyrkja var omtrent fullsatt under gudstjenesten, og svært mange av menigheten fulgte med til kirkekaffe på Sentrum. Vi ser tilbake på en fin jubileumsdag og håper at det nære forhold mellom kirke og folk fortsatt må vare ved i fremtiden.





# Arna bedehus

**November**
02.-03. Heimeweekend «Barnerøster»
07. kl.17.00 Eldretreff.
10. kl.19.00 Lina Sandell-kveld v/Helga og Peder Leithaug.
14. kl.19.30 Medlemsmøte.
17. kl.19.00 Møte v/Misjonssambandet. Hagaviktrioen.
21. kl.19.30 Nattverdsmøte.
24. kl.19.00 Møte.
28. kl.18.00 Bøne- og vitnemøte.

**Desember**
01. kl.15.00 Adventsamling v/«Barnerøster»
05. kl.17.00 Eldretreff.
27. kl.17.00 Familiefest v/«Barnerøster» og Søndagsskulen.

# Ofringar

**Arna Sokn:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 01.09.: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. | 3492,- |
| 08.09.: | Barne- og ungdomsprosjekt | kr. | 2400,- |
| 15.09.: | Soltun Soldatheim og u.senter | kr. | 4522,- |
| 21.09.: | Misjonærvigsle | kr. | 23024,- |
| 22.09.: | Norges KFUK-Speidere | kr. | 4067,- |
| 29.09.: | Den nye lærarhøgsk. | kr. | 2288,- |
| 06.10.: | Klub. for funksj.hemma | kr. | 4478,- |
| 09.10.: | La Kongo leve | kr. | 10635,50 |
| 13.10.: | Barne- og ungdomsprosjekt | kr. | 1482,- |
| 13.10.: | Haukeland Indrem. (i Betania) | kr. | 2382,- |

**Ytre Arna sokn:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| 25.08: | Den Indre Sjøm.misj. | kr. | 1222,00 |
| 01.09: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. | 1515,00 |
| 08.09: | Den norske Israelsm. | kr. | 1367,50 |
| 29.09: | Høyreanlegg i kyrkja | kr. | 4664,00 |
| 06.10: | Norsk Lærarakademi | kr. | 1373,00 |

# Betania, Lone

**November**
01. kl. 20.00 Fredagskafé
02.-Søn. 03. Santalhelg. Søndagsskule.
02. kl. 16.00 Laurdagssamling. Signy og Kåre Mangersnes.
03. kl. 16.00 Familiemøte. Evy Eidsheim.
05.-Søn.10. NLM-veke. Erleiv Matre.
14. Nattverdmøte.
16. BUF & Muhammedanermisjonen. Tefest kl.16.00.
17. kl. 16.00. BUF. Familiemøte. Søndagsskule.
20.-Søn.24. Y-ungdomsveke. Sveinung og Rune Vidar Fjelde.
22. kl. 21.00. Fredagskafé.
28. Israelmisjonen.
30. kl. 19.30. BUF.Ungdomskveld.

**Desember**
01. NLM. Søndagsskule.
07. kl. 16.00. Laurdagssamling.
08. BUF.
12. Nattverdmøte.
15. kl. 16.00. Vi syng jula inn. Søndagsskule.

## Møteveke i Betania

**Tirsdag 5. - søndag 10. november kl. 19.30**

*Talar: Erleiv Matre*

**Tirsdag 5.11.** Betaniakoret
**Onsdag 6.11.** Arna kammerkor
**Torsdag 7.11.** Nesttun Indremisjonskor
**Lørdag 9.11.** Misjonskveld kl.19.00
**Søndag 10.11.** Songgruppe frå Slettebakken kyrkje

Bøn ein halvtime før alle møte.

**Langedalen misjonslag av N.L.M.**

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
08.09: Brian Lundal Grøhn, Arild Nesse Veseth, Silje Rosseland Veseth
15.09: Runar Solheim Standal, døypt i Florø kyrkje
22.09: Benjamin Mjeldheim Hennes, Malene Strand, Camilla Bjørndal Almberg, Hanne Hauge Aasheim, Ane Netland Rolland
06.10: Mariell Befring, Kristoffer Thorkildsen Høyvik, Markus Lerpold, Inge Andre Flaat.

**Ytre Arna sokn:**
28.07: Pernille Holmøy Asplin
08.09: Amalie Kvamme



## Vigde

**Arna sokn:**
31.08: John Emil Jaehn og Bente Anita Korneliussen
31.08: Tore Langholm og Linda Akselberg
07.09: Ivar Høie og Vibecke Engelsen
07.09: Willy Ottar Padøy og Vibeke Aasheim. Vigde i Birkeland kirke.
14.09: John Kennet Berentsen og Camilla Natås
21.09: Jan-Tore Ringheim og Tone Baartvedt

## † Døde

**Arna sokn:**
22.08: Maria Veseth, f. 1913
01.09: Kåre Angeltveit, f. 1922
04.09: Randolf Johan Strømme, f. 1923
04.09: Otto Skulstad, f. 1924
08.09: Oddrun Johanne Nord, f. 1925
11.09: Ingjerd Dagestad, f. 1928
18.09: Sigurd Mathias L. Grimelandshaug, f. 1902
26.09: Åsta Vevle Solberg, f. 1930
27.09: Rolf Riisnes, f. 1932
03.10: Bergit Kristine Rolfsvåg, f. 1900
07.10: Margit Veseth Skulstad, f. 1912

**Ytre Arna sokn:**
12.08: Klara Kristina Pettersen, f. 1911

## Retting frå førre nr.:

**Arna sokn**
**Døypte**
26.05: Jan Gunnar Garlid, Heidi Hauge, Elise Nilsen
27.05: Sindre Kvam, døypt i Trengereid kapell
02.06: Vegard Langhelle, Marius Havre, Malin Sveen Alfheim, Elena Eriksen Torvund, Benedikte Holmefjord, Cassandra Grimstad, Malene Herland, Siren Beate Tangen
16.06: Ivan Espeland, Sondre Nordanger Mjelde, Joachim Liland Henriksen, Stefan Liland Henriksen, Sindre Stamneshagen, Steffen Vike Holm
23.06: Stian Aleksander Bratland og Malinn Horgen Bratland
30.06: Marius Reigstad, Sondre Magnussen Aardal, Jan Ove Låstad Arnesen, Lars Borge Kalsås, Vilde Marie Sørsæther Gaasdal, Kari Anne Trefall, Martine Nesøy Akselberg, Marthe Mjelde, Åse Berit Elisabeth Eriksson Andreasen, Siren Eide, Andrea Wallem Ehger, Solveig Opedal
14.07: Kristine Mæland, Camilla Aasen Næss, Jørgen Soltvedt Algerøy, Kristian Schaug, Alex Constantin Toft
28.07: Tord Borge Lund, Lars Ole Taule Fjørtoft, Glenn Daniel Bergesen, Hilde Halsøy
28.07: Markus Mjelde, døypt i Takvam kapell
11.08: Robert Hana Mjølkeråen, Ådne Skjelbreid Djuve, Sara-Marie Reiersen Kleiveland, Monica Benjaminsen
25.08: Linn Thunes Solemdal, Karoline Ane Garnes, Andrea Gundersen, Hege Borge, Marlen Rygg Veseth, Stian Gjerde

**Vigde**
08.06: Jan Ove Vedaa og Kari Anne Vassdal, vigde i Bruvik kyrkje
08.06: Jarle Havre og Marianne Bøe, vigde i Birkeland
22.06: Kjell Thore Olsen og Rigmor Fredheim, vigde i Nord Kvingo kyrkje
29.06: Kjell-Egil Tangen og Ingelin Bakke, vigde i Mariakirken
06.07: Roger Knutsen og Monica Endresen, vigde i Alicante, Spania
13.07: Kent Magne Holmefjord og Henny Lovise Fjellro, vigde i Birkeland
13.07: Tom Erlend Skårnes og Nina Merethe Aadland, vigde i Fana kyrkje
10.08: Robert Sverre Rastad og Cecilie Thorsen, vigde i Vikøy kyrkje



# Kyrkjeskyss

## Haukeland / Unneland

| | |
|---|---|
| **3.november** | |
| Nils Minde | tlf. 55 24 01 54 |
| **10.november** | |
| Berit Haugsvær | tlf. 55 24 08 15 |
| **17.november** | |
| Odmund Skjoldal | tlf. 55 24 29 05 |
| **24.november** | |
| Sverre Myklebust | tlf. 55 24 29 05 |
| **1.desember** | |
| Ingrid Hope | tlf. 55 24 08 08 |
| **8.desember** | |
| Jens Hauge | tlf. 55 24 01 43 |
| **15.desember** | Nils Minde |

## Arnatveit og Indre Arna

| | |
|---|---|
| **3.november** | |
| Kaaresen | tlf. 55 24 02 41 |
| **10.november** | |
| Kjos | tlf. 55 24 17 82 |
| **17.november** | |
| Monstad | tlf. 55 24 32 20 |
| **24.november** | |
| Håøy | tlf. 55 24 03 26 |
| **1.desember** | |
| Eide | tlf. 55 24 15 15 |
| **8.desember** | |
| Hollekve | tlf. 55 24 23 45 |
| **15.desember** | Kaaresen |

### NY KONTORFULLMEKTIG VED YTRE ARNA PRESTE-KONTOR

Bente Vevle Birkeland,
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna.

# Forloverstolar i Arna Kyrkje

I samband med restaureringa av Arna kyrkje i 1965 vart det laga nye brudestolar.

Vi har dei gamle brudestolane framleis, men dei er i ein annan stilart, og passar svært dårleg saman med dei nyaste stolane. Dette tyder at ein ikkje kan nytta dei gamle stolane som stolar til forlovarar. Til dette nyttar vi eit par av dei jærstolane som kyrkja har ein del av. Dei passar heller ikkje så godt saman med stolane for brudefolket.

Kanskje det var nokon som kunne tenkje seg å lage eit par stolar i same utforming som brudestolane, men i forminska utgåve? Dette kunne vera eit passande snikkararbeid no når vinteren står for døra.

Elles kan ein sjølvsagt gje ei pengegåve. Då kan vi kontakta ein møbelsnikkar og få arbeidet utført.

Ta kontakt med soknepresten om de tykkjer dette kan vera aktuelt.

**Kjell Nese**

### Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet kjem etter planen ut **11. desember.**
Stoff til bladet kan leverast til kyrkjekontoret **innan 26. november.**

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.
**Redaktør:** Magne Mestad.
**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.
**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr.: 0805 31 04445.
Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

**ARNA GRAVFERDSBYRÅ**
Espeland
BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING
**Kåre Bj. Hope**
**Tlf. 55 24 08 08 – Mobiltlf. 945 01504**
*Står til teneste med alt ved dødsfall*

**SAMDALS** BYRÅ
**JONSVOLLSGATEN 1**
**55 90 19 80 hele døgnet**
*Kommer også hjem for samtale.*
J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23

**KIRKENS SOS**
**Treng du nokon å snakka med?**
**Ring 55 32 32 00**
**frå klokka 19 til 07**
**alle dagar**
eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag

RUTH STEPHANSEN
*SONETERAPEUT NFS*
Soneterapeut Øreakupunktur
Moldalia 28B
5230 Espeland
Tlf.: 55 24 00 83

**Solstrands** *BEGRAVELSESBYRÅ*
HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN
Våre representanter i *Arna*
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23
BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING
DØGNVAKT
**55 32 55 50**
***Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris***





AKTIV
FØRERKORT KL. B
– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører
**Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41**
ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE

*BLOMSTER*
til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.
**55 24 25 95**
**a.s. Sarepta**
5260 Indre Arna

*Frøydis* SALONGEN
**Garnesveien 41 – Indre Arna**
**Tlf.: 55 24 00 68**
**Stedet for moderne og fagmessig hårdesign**
**Dame • Herre • Brudepynting**
**Fagkunnskap gir trygghet**
**10 % for pensjonister alle dager.**

**Spesialforretning i blomster**
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.
**Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale storbank i Arna!
**KREDITKASSEN**
Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.
*Kleiveland A.S*
*Ur og Gullsmed*
5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner,
også TV 2.
**Litangen Husholdningsservice, Garnes**
**Telefon 55 24 02 87**

# Velkomen til kyrkje

**03.11.** *Allehelgensdag – Sal. 84,5-8*
**Arna kl. 11.00** Kap. Trygve Johansen. Minnedag. Nattverd. Kyrkjekoret. Takkoffer til Kyrkjelydshuset, Kyrkjekaffi.
**Ytre Arna kl. 11.00** Prost Kjell Nese. Minnedag. Nattverd. Takkoffer til Den Norske Misjonsallianse. Kyrkjekaffi.
**Takvam kl. 16.00** Prost Kjell Nese. Minnedag. Takkoffer.

**10.11.** *24. s.e. pinse – Mark. 12,41-44*
**Arna kl. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Dåpsopplæringa. Barnehagen tek del. Utdeling av barnebibelen. Kyrkjekaffi.
**Ytre Arna kl. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Pinsevennenes Evangeliesenter. «Småspurven» tek del. Kyrkjekaffi.

**17.11.** *25. s.e. pinse – Joh. 6,37-40*
**Arna kl. 11.00** Kap. Rolf Rasmussen. Nattverd. Takkoffer til barne- og Ungdomsprosjektet.
**Trengereid kl. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE.** Prost Kjell Nese og rektor Bjarne Kvam. Takkoffer til NLA. Utdeling av barnebibelen.

**24.11.** *Siste søndag i kyrkjeåret – Matt. 25,1-13*
**Arna kl. 11.00** Prost Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjon. Kyrkjekaffi.
**Ytre Arna kl. 11.00** Kap. Trygve Johansen og Knut Rønnestad. Takkoffer til Den norske Sjømannsmisjon. Kyrkjekaffi.

**01.12.** *1. søndag i advent – Jes. 12, 2-6*
**Arna kl. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE. Alle 1. klassane er inviterte.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Barne- og ungdomsprosjekt. Kyrkjekaffi.
**Arna kl. 19.00 LYSMESSE.** Prost Kjell Nese og kateket Erik Rodal.
**Ytre Arna kl. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE. Alle 1. klassane er inviterte.** Prost Kjell Nese. Dåp. Ytre Arna barne- og ungd.kor. Takkoffer til Institutt for kristen oppseding. Kyrkjekaffi.

**08.12.** *2. s.i advent – Luk. 21,25-33*
**Arna kl. 11.00** Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Keryx.
**Ytre Arna kl. 19.00 LYSMESSE.** Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til konfirmantarbeidet.
**Trengereid kl. 11.00** Kap. Trygve Johansen.
**Unneland kl. 18.00 LYSMESSE.** Prost Kjell Nese.

**15.12.** *3. s.i advent – Matt. 11,2-10*
**Arna kl. 11.00** Pastor Ivar Smedsrød. Dåp. Takkoffer til kyrkjelyds-arbeidet.
**Arna kl. ??? KONSERT.** Haukeland Songlag.
**Ytre Arna kl. 11.00** Prost Kjell Nese. Takkoffer til Norges Kristelige tudent- og Skoleungd.lag.